

# Ein liten skriftespegel

Hjelp til å prøve seg sjølv på Guds bod.

## Første bodet

**Du skal ikkje ha andre gudar enn meg**

Set eg noko høgare enn Gud?

Finst det menneske som har meir, å seie over meg enn Gud?

Skammar eg meg over Jesus?

## Andre bodet

**Du skal ikkje misbruka Guds namn**

Bannar eg?

Ber eg?

Brukar eg Guds namn gale?

## Tredje bodet

**Du skal halda kviledagen heilag**

Er søndagen berre ein fridag?

Høyrer eg Guds ord forkynt?

Sluntrar eg unna med å lese i Bibelen?

## Fjerde bodet

**Du skal æra far din og mor di**

Ber eg for heimen min?

Hjelper eg til heime?

Er eg vanskeleg heime?

## Femte bodet

**Du skal ikkje slå i hel**

Plagar eg andre?

Bryt eg trafikkreglane?

Øydelegg eg min eigen kropp?

## Sjette bodet

**Du skal ikkje bryta ekteskapet**

Brukar eg seksualdrifta mot Guds vilje?

Leikar eg med ureine tankar?

Les eg smusslitteratur?

## Sjuande bodet

**Du skal ikkje stela**

Har eg stole noko?

Har eg levert det attende?

Har eg snytt andre?

## Åttande bodet

**Du skal ikkje tale usant om nesten din**

Har eg loge?

Har eg tilstått løgna?

Har eg fuska?

## Niande og tiande bodet

**Du skal ikkje trå etter noko eller nokon som høyrer andre til**

Har eg misunnt nokon?

Har eg øydelagt noko for andre?

Har eg lurt noko frå nokon?

Stoffet her er oppdatert og utvida av SM etter:

Meir enn du anar

Tore Kopperud, Hans Chr Lier

Luther Forlag, 1987

